



Innkalling for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 25.01.2018

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 09.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
001/2018	Suppleringsval - generalforsamlinga i Aufera AS
002/2018	Suppleringsval til styret i Sambandet Vest
003/2018	Søknad om fritak politiske verv
004/2018	Søknad om fritak varamedlem kommunestyre
005/2018	Tilskot til 17. mai-komiteane
006/2018	Bogatunet - tilsyn og dekking av løpende utgifter
007/2018	Prosjektmandat for småbarnsavdeling ved Austebrygd barnehage
008/2018	Retningslinjer for næringsfond - vurdering
009/2018	Rullering av ROS-analyse - 2018
010/2018	Mulighetsstudie Manger rådhus og Prestegarden
011/2018	Meldingar og referatsaker

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærmere innkalling.

14. februar 2018

Jon Askeland
møteleiar

Arthur Kleiveland
utvalssekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/1029

Suppleringsval - generalforsamlinga i Aufera AS

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Morgan Taule har takka ja til stilling som ny dagleg leiar i Knarvik Industri og Miljø (KIM). Han tek til i stillinga 1. februar 2018.

Taule er valt som Radøy kommune sitt medlem i generalforsamlinga i AUFERA AS, som Radøy eig saman med nabokommunane Austrheim og Fedje.

Knarvik Industri og Miljø og AUFERA AS vil vera konkurrentar på enkelte område, og Taule finn det naturleg at han går ut av generalforsamlinga i AUFERA.

Det må det gjerast suppleringsval på medlem til generalforsamlinga i AUFERA.
Det er formannskapet som valnemnd som kjem med innstilling til kommunestyret.

Konklusjon

Formannskapet som valnemnd oppnemner nytt medlem til generalforsamlinga i AUFERA for Morgan Taule.

Vedlegg:

Morgan Taule - suppleringsval

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/965

Suppleringsval til styret i Sambandet Vest

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Jon Askeland er vara for Kenneth Taule Murberg i styret for Sambandet Vest. Ordførar Jon Askeland bed om at det vert halde suppleringsval og at formannskapet som valnemnd oppnemner ny vara for Kenneth Taule Murberg.

Konklusjon

Formannskapet som valnemnd oppnemner vara til styret for Sambandet vest

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/82

Søknad om fritak politiske verv

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Liv Berith Rath søker om fritak fra sine politiske verv i Radøy. Bakrunnen for søknaden er at ho skal flytta frå kommunen. Ho søker om fritak frå 1.1. 2018 og ut denne valperioden.

Liv Berith Rath representerer Arbeidarpartiet og har i denne perioden (2015-2019) følgjande verv i Radøy kommune:

- medlem i kommunestyret
- medlem i hovudutval for plan, landbruk og teknisk
- medlem i underutval for vilt og innlandsfiske
- 1. varamedlem til samarbeidsutval/skulemiljøutval ved Sæbø skule
- 3. varamedlem til representantskapet i Driftsassistanse – Hordaland Vann og avløp IKS

Ved flytting ut av kommunen skal vedkomande tre ut av sine verv – jfr Kommunelova § 15 nr 1.

Når eit medlem i kommunestyret går ut, vil varamedlem frå vedkomande gruppe automatisk gå inn i vedkomande sin stad. I dette tilfellet betyr det at Ann Christin Hoen (AP) dermed vil rykkja opp frå 1. varaplass til fast medlem i kommunestyret etter Liv Berith Rath.

Nytt medlem etter Rath i hovudutvalet skal veljast gjennom suppleringsval, sjølv om det er valt varamedlem. Vedkomande skal veljast frå same gruppe som den som trer ut av utvalet.

Det skal også gjerast suppleringsval i verva som 1. varamedlem til samarbeidsutval/skulemiljøutval ved Sæbø skule og 3. varamedlem til representantskapet i Driftsassistanse – Hordaland Vann og avløp IKS.

Kommunestyret skal avgjera søknaden om fritak, og skal også gjera suppleringsval. Det er

formannskapet som valnemnd som kjem med innstilling til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om fritak frå politiske verv vert innvilga jfr Kommunelova § 15 nr.1
Formannskapet som valnemnd legg fram si innstilling til suppleringsval.

Vedlegg:

Søknad om fritak for politiske verv - Liv Berith Rath

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/1049

Søknad om fritak varamedlem kommunestyre

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I kommunestyresak 074/2016 vart Frode Hervik innvilga permisjon for perioden fram til 01.02.2018 og Agnes Hoshovde Bernes rykka opp som fast representant i kommunestyre. Varalista til Venstre vart i same sak supplert med Ingvild Brattetaule som nytt 5. varamedlem.

Ingvild Brattetaule søker no om fritak frå dette vervet for resten av perioden på grunn av studier i Trondheim.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ingvild Brattetaule får fritak for sitt verv som 5. vara på Venstre si varalist til kommunestyret.

Vedlegg:

Søknad om fritak frå politisk verv - Ingvild Brattetaule

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/132	18/898

Tilskot til 17. mai-komiteane

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I Radøy kommune er det 17. mai-arrangement i alle dei fire skulekrinsane. Dette er store og viktige arrangement som krev mykje førebuing og stor dugnadsinnsats frå arrangørane. I budsjettet for 2017 er det sett av kr 50 000 i tilskot til 17. mai-nemndene. Administrasjonen er beden om å utarbeida retningsliner for tildeling.

Vurdering

17. mai-arrangementa er blant dei største og mest arbeidskrevjande arrangementa som vert gjennomført kommunen. I alle skulekrinsane er det no foreldra til elevar i barneskulane som har tatt på seg å planlegga og gjennomføra arrangementa.

Midlane som er sett av i budsjettet kan fordelast på fleire ulike måtar. Ein kan til dømes fordela midlar etter søknad, ein kan fordela midlar likt på dei fire krinsane, ein kan fordela på innbyggjartal i skulekrinsane, elevtal på skulane eller tal på grunnskuleelevar i krinsen.

Storleiken på dei ulike arrangementa varierer veldig mellom dei ulike skulekrinsane. Rådmannen meiner at den beste måten å fordela midlane på er å ta utgangspunkt i elevtalet på skulane. Då det er foreldra/FAU som er arrangør ved alle grunnskulane vil elevtalet på skulane langt på veg gjenspeglar kor mange personar som er med og arbeider dugnad for å gjennomføra arrangementet. Denne måten å fordela midlar er også enkel å administrera og føreseieleg for 17. mai-komiteane.

Ved å ta utgangspunkt i elevtal ved barneskulane får me følgjande oppsett:

	Tal elevar	Prosent av elevtal totalt	Utrekna tilskot
Austebygd skule	46	11,2	5 600
Hordabø skule	99	24,2	12 100
Manger skule	172	42,1	21 050
Sæbø skule	92	22,5	11 250
Totalt	409	100	50000

Denne måten å fordela midlane på gjenspeglar ikkje inntekter og utgifter til dei ulike komiteane. Rådmannen meiner at ei fordeling av midlar som tar utgangspunkt i inntekter og utgifter føregåande år ikkje nødvendigvis vil gje ei meir rettvise fordeling då inntektene og utgiftene kan variera frå år til år på grunn av mellom anna tal på frammøtte og ulike investeringsbehov frå år til år.

Konklusjon

Storleiken på 17. mai-arrangementa varierer svært mykje mellom skulekrinsane. Rådmannen meiner at den beste måten å fordela tilskotet på er å ta utgangspunkt i elevtalet på barneskulane, då dette i stor grad gjenspeglar kor mange personar dugnaden er fordelt på, og dermed kor mange arbeidstimar som vert lagt ned.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilskotet på kr 50 000 som i budsjettet for 2018 er sett til fordeling mellom 17. mai-komiteane vert fordelt på følgjande måte:

Austebøgd skule	kr 5 600
Hordabø skule	kr 12 100
Manger skule	kr 21 050
Sæbø skule	kr 11 250

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/1720	18/1045

Bogatunet - tilsyn og dekking av løpende utgifter

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde i møte 060/2016 27. oktober 2016 vedtak om at kommunen skulle overta Bogatunet og Syltastova. Av ulike grunner har gjennomføringa av dette vedtaket dratt ut i tid, og det er framleis Nord- og Midhordland som er eigar av desse bygga. Nord- og Midhordland sogelag har per i dag ingen inntekter, og kapitalen er brukt opp slik at dei ikkje lenger har midlar til å dekka utgifter vedlikehald og faste utgifter. Dei har difor retta ein førespurnad til kommunen om å få dekka midlar til desse utgiftene.

Vurdering

Nord- og Midhordland sogelag har sidan 1920-talet vore eigar av Bogatunet og Syltastova. Den gongen var laget eit sogelag for heile Nord- og Midhordlandsregionen. Laget hadde ein aktiv medlemsmasse, dei gav ut årboka *Frå Fjon til Fusa* og som gav laget inntekter og i tillegg tok dei på seg eigarskapen for Bogatunet og Syltastova for å redde bygga.

Dei siste åra har laget slitt med rekrutteringa, og utgjevinga av heftet *Frå Fjon til Fusa* har stoppa opp, og det einaste som er att av aktivitet i laget er at styret forvaltar eigarskapen av Bogatunet og Syltastova. På bakgrunn av dette har laget bede kommunen overta bygga, noko kommunen har fatta vedtak om, men som har tatt langt lenger tid å gjennomføra enn venta.

Kommunen har siste året hatt jamleg tilsyn med bygga, og kommunen har også tatt på seg å organisera å halda ope faste dagar om sommaren og dekka utgifter til dette. I budsjettet for 2018 er det sett av midlar til drift av Bogatunet og Syltastova. Rådmannen meiner at kommunen bør dekka faste utgifter, og ta seg av løpende naudsynt vedlikehald på Bogatunet og Syltastova fram til eigarskapen er oppgjort innanfor rammene av avsette midlar i budsjettet for 2018. Om kommunen ikkje gjer dette vil ein risikera at forsikringar ikkje vert betalt, at straumen på Bogatunet vert stengt og at bygga vert ståande utan tilsyn og vedlikehald.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunen tar seg av tilsyn og løpende utgifter til vedlikehald av Bogatunet og Syltastova innanfor rammene av avsette midlar til budsjettet for 2018 fram til eigarskapen for bygga er oppgjort.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune tar på seg ansvar for tilsyn, og dekkjer løpende utgifter til vedlikehald, forsikring og straum for Bogatunet og Syltastova innanfor rammene på avsette midlar i budsjettet for 2018.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	18/20	18/1006

Prosjektmandat for småbarnsavdeling ved Austebygd barnehage

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Prosjektmandatet for utbygging av Austebygd barnehage gjer m.a. greie for mål, organisering og finansiering, og legg rammene for realisering av prosjektet. Framdriftsplan vert utarbeidd av prosjektgruppa, og rapportering skal skje i tråd med avtale. Prosjektmandatet er lagt ved saka.

Investeringsprosjekt som gjeld nybygg og ombyggingsar, inkludert VA-prosjekt, med kostnadsramme som hovudregel 1 millionar kroner eller over, er i følgje politisk reglement pkt 6b, prosjekt kor byggenemnda skal koblast inn. I det politiske reglementet heiter det at byggenemnda skal ha ein innspel-, støtte- og pådrivarfunsjon i prosjektgjennomføringa. Byggenemnda får oppdragra sine frå kommunestyret eller formannskapet gjennom godkjenning av prosjektmandat.

Vurdering

Prosjektmandatet for utbygging av Austebygda barnehage følger opp budsjettet på ein tilsfredstillande måte, og legg rammene for realisering av småbarnsavdeling. Prosjektet er eit utbyggingsprosjekt med ein total kostnadsramme på kr 6 500 000, og fell derfor innanfor portefølgjen som skal følgast opp av byggenemnda.

Konklusjon

Prosjektmandatet følger opp budsjettvedtaket for utbygging av Austebygd barnehage, og prosjektet fell innanfor oppdragsområdet for byggenemnda.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner prosjektmandatet for utbygging av Austebygd barnehage, og prosjektet

vert sendt over til byggenemnda for oppfølging.

Vedlegg:

Prosjektmandat - Austebygd barnehage småbarnsavd 170118

POLITISK REGLEMENt og delegering 2016 vedteke i kommunestyret

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/2237	17/13994

Retningsliner for næringsfond - vurdering

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I formannskapssak 033/12 vart det gjort vedtak om retningsliner for næringsfondet, der det går fram at fondet primært skal nyttast til infrastrukturtiltak og tilrettelegging for næringsutvikling med vekt på infrastruktur, planarbeid og utvikling av Manger senter. Det er også opning for tilskot til nødvendige bedriftsutviklingsiltak for verksemder i ein vanskeleg situasjon. Dette er kommunen sine gjeldande retningsliner, noko som også er stadfesta i fylkesmannen sitt brev av 26.10.2017.

I formannskapssak 036/2017 bad formannskapet rådmanen om ei utgreiing om bruk av næringsfondet knytt til infrastruktur i landbruket.

Det kommunale nærings- og infrastrukturfondet er no kr 2.783.400,99, etter utbetaling av tilskot kr 100.000 i samsvar med lovleg vedtak i sak FS 036/2017.

Rådmannen vurderer landbruk som næring, og legg såleis til grunn at næringsfondet i utgangspunktet kan nyttast til infrastrukturtiltak i landbruket.

Spørsmålet vert då om det er trøng for presisering eller avgrensing innafor landbruk, i høve til kva typar tiltak som eventuelt kan vurderast for tilskot frå næringsfondet. Etter rådmannen si vurdering vil det måtta gjerast avvegning mellom det landbruksfaglege og det næringspolitiske i kvar einskild sak. Rådmannen ser det såleis som vanskeleg å laga klåre avgrensingar i retningslinene. I den grad det måtte koma søknader frå landbruket om tilskot frå næringsfondet, vil rådmannen sikra at også dei landbruksfaglege interessene vert tekne i vare i saksutgreiinga.

Næringsfondet har uansett avgrensa «levetid», i høve til vedteken kommunesamslåing, og rådmannen legg til grunn at det aller meste av nærings- og infrastrukturfondet vil verta nytta til planarbeid Manger senter og tilrettelegging på Olsvollstranda, for å sikra vidare utbygging av industriområdet.

Konklusjon

Rådmannen legg til grunn at eksisterande retningsliner er tilstrekkelege, også i høve til infrastrukturtiltak i landbruket.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningslinene for næringsfondet vert ståande uendra, slik dei går fram av FS 033/12.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/4	18/1046

Rullering av ROS-analyse - 2018

Saksopplysingar:

Rullering av ROS-analysa tek utgangspunkt i vedteken analyse frå 2014 og akseptkriteria som vart godkjent då.

Arbeidsgruppa si vurdering ligg som vedlegg til saka. Analysa sine resultat er sett opp i ei matrise som syner hending, trend, kva område som vert råka, og sannsyn- og risikotabell. Matrise ligg ved saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rullert ROS-analyse vert godkjent.

Vedlegg:

Samfunnsdelen ros 2017

Rosanalyse matrise 2017

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	17/1096	18/881

Mulighetsstudie Manger rådhus og Prestegarden

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Og arkitekter AS leverte i oktober 2017 rapport frå ein mulighetsstudie for rådhuset og Prestegarden (med uteområder) på Manger. Å vurdere korleis ein kan utnytte rådhuset når rammebetingelsene vert endra i samband med etablering av Alver kommune, er eit viktig tiltak i eit tettstadsutviklingsperspektiv. Sjølv om lokalisering av tenester i nye Alver kommune førebels ikkje er klar, er det grunn til å tru at sentraladministrative tenester som i dag er lokalisert på rådhuset, vert flytta frå Manger. Studien er utført på oppdrag frå rådmannen og i all hovudsak finansiert av tilskotsmidlar til tettstadsutvikling fra Hordaland fylkeskommune (HFK). HFK helsa studien velkommen, og viser til at utfordringa med «å fylle tomme» rådhus ville vere aktuell for fleire kommunar i åra som kjem.

Og arkitekter AS har i studien skissert muligheten for å bygge om rådhuset til eit kulturhus med eit oppgradert uteområde. Studien konkluderer med at rådhuset toler ombygging og at det er relativt stor grad av fleksibilitet med omsyn til utforming av bygg og uteområdet. Biblioteket, som i dag er lokalisert på Radøy ungdomsskule, er peika på som ein sentral premiss i framlegget om å bygge om rådhuset til kulturhus. Ved å samle kulturelle aktivitetar og tenester kan samspelet mellom desse gi lokalsamfunnet eit spennande kulturtilbod, og skape aktivitet i lokaler som står i fare for å verte tomme. Samstundes vert det lagt til rette for aktivitet i bygget både på dagtid og kveldstid.

Studien frå Og arkitekter AS bygger delvis på tidlegare mulighetsstudie for Manger, utført av CUBUS Arkitekter i 2015. I CUBUS arkitektene sitt arbeid vart også Prestegarden og Prestegardshagen sentralt på Manger identifisert som viktig. Og arkitekter AS konkluderer med at mulighetene for arkitektonisk endring på Prestegarden er meir avgrensa, mens uteområdet vert peika på som eigna for utvikling og tilrettelegging for auka aktivitet.

Ein mulighetsstudie handler om å identifisere eit mulighetsrom, og Og arkitekter AS har i sin studie skildra og visualisert desse mulighetene. Når mulighetsstudien no ligg føre, er det behov for ei politisk avklaring om rådmannen skal arbeide vidare med prosjektet. Formannskapet har vore

fortløpende informert om prosjektet, og prosjektet er lagt inn i økonomiplanen med løying i 2019 og 2020.

Vurdering

Rådmannen legg til grunn Og arkitekter AS si vurdering om at rådhuset har eit betydeleg potensiale for ombygging, både arkitektonisk og bygningsteknisk. Det er med andre ord grunn til å tru at ombygging kan gjerast med eit godt resultat. Sjølv om det er gjort ei overordna vurdering av om at bygget kan byggast om og nyttast til andre tenester, vurderer rådmannen at det er naudsynt å gjere nærmare undersøkingar av både funksjonelle løysingar og kostnadsbilete Dette er særskilt viktig ettersom det er ulike funksjoner som bibliotek, musikk og kulturskule, kino, kafeverksemd og frivilligentral, som er tenkt å utøve sine tenester i eit tett samspel.

Det er sett av totalt kr 10 000 000 til prosjektet i økonomiplanen for åra 2019 og 2020. Den økonomiske ramma for prosjektet er eit anslag på eit tidleg tidspunkt i prosessen, og endeleg kostnad vil vere avhengig av kva type løysingar kommunen går for. Eit forprosjekt vil kunne reduserer risiko i prosjektet og gir større sikkerhet for kostnadsnivå før endeleg politisk vedtak om evt. gjennomføring.

Lokalisering av biblioteket er eit anna viktig premiss i vurderinga om rådmannen skal arbeide vidare med framlegget om å etablere kulturhus i rådhuset sine lokaler. Mulighetstudien illustrerer på ein god og spennande måte korleis eit moderne bibliotek kan utformast i rådhusets lokaler. Etter rådmannenes vurdering vil synergieffekten og kraften i eit framtidig kulturhus falle bort, dersom ikkje biblioteket vert lokalisert i kulturhuset.

Studien er sendt Fylkesbibliotekssjefen i Hordaland som uttaler følgande:

«Folkebiblioteka har dei siste åra gjennomgått svært store endringar både når det gjeld tenester og funksjon. Dei har endra karakter frå å vere boksamlingar til å drive aktiv formidling og bli levande litteratur- og debatthus. Endringa vart stadfest med endringar i Biblioteklova frå 1. janar 2014. Ein må ha dette i minne når ein skal vurdere eigna lokale for biblioteket på Manger. Ved at folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag er endra, er behov for lokale og plassering av biblioteket også endra. (...) Det er positivt å nytte biblioteket for å skape liv og aktivitet i denne delen av sentrum, men biblioteket aleine kan ikkje klare dette. Samlokalisering med andre tenester som t.d. kulturskule er derfor truleg eit premiss for å få dette til, og ein bør halde fast med dette.»

Det er enighet om at dagens bibliotekslokaler, pga. storleik og tilgjenge, i avgrensa grad er eigna til å ivareta dei nye krava til folkebiblioteket. Det er likevel uttrykt betydelig skepsis frå bibliotek mot å flytte aktiviteten til rådhuset. På eit overordna nivå er bekymringane i hovudsak relatert til avstand frå Grønålen kor det i dag er stor aktivitet blant barn, unge og vaksne, rolla som skulebibliotek, arealbehov og universell utforming. Frå biblioteket sin side har Rema 1000-bygget på Manger har vore framheva som eit foretrukket alternativ, både pga. avstand til barn og ungdomsaktiviteter i Grønålen-området og annen aktivitet i Manger sentrum, og pga. storleik og utforming av lokaler.

Fylkesbibliotekssjefen uttalar at «*Etter fylkesbiblioteket si vurdering kan Rådhuset på Manger fungere som biblioteklokale, men med ein del etterhald:*

- *Det er i samlokalisering med andre tenester at biblioteket kan bidra til liv i huset, og i denne delen av sentrum. Det er derfor viktig at ein heldt fast med dette.*
- *Biblioteket har behov for eit lokale på 600m2, som stadfest i mulighetsstudien.*
- *Bærekonstruksjonar i bygget bør tillate at biblioteklokalet kan vere eitt ope rom og ikkje*

inndelt i fleire mindre rom.

- *Ideelt, bør biblioteket vere nærmare barn og unge sine aktivitetar på Manger.*
- *Biblioteklokalet bør vere på eitt plan, men kan fungere på to. Kjellarlokalet bør ikkje nyttast til bibliotek.*
- *Biblioteklokalet bør vera eigna for arrangement og ein bør tenke på støyisolering mot andre tenester.*
- *Kafeen i 1. etasje bør vere ein del av biblioteket, gjerne i samdrift med andre tenester.*
- *For at biblioteket skal kunne vere meirope, må det vere mogleg å stenge av lokalet frå andre tenester i bygget. Samstundes må det kunne vere tilgjengeleg utanom bemanna opningstid*

Med omsyn til avstand til Radøy ungdomsskule, som vil miste skulebiblioteksfunksjonen slik den er i dag, meiner rådmannen at avstanden mellom skulen og rådhuset er innanfor forsvarleg lengde. Også rektor ved Radøy ungdomsskule uttrykker at dersom biblioteket vert flytta, vil det vere mogleg å finne andre løysinger for samspel mellom skule og biblioteket.

Konklusjon

Mulighetsstudien har lagt fram spennande forslag om korleis rådhuset kan nyttast vidare, men har også bragt på banen ei rekke spørsmål knytt til kostnad, praktiske løysingar osb. På bakgrunn av ei heilskapleg vurdering meiner rådmannen det vil vere naudsynt å etablere eit forprosjekt i forlengelsen av mulighetsstudien for rådhuset. Forprosjektet kan avklare, konkretisere og kvalitetssikre prosjektet, før den vert lagt fram for politisk handsaming.

Ettersom utvikling av Prestegarden og Prestegardshagen i større grad har karakter av å vere rehabilitering utan prinsipiell betydning, meiner rådmannen at dette arbeidet kan starte på noverande tidspunkt. Det er sett av midlar til dette arbeidet i inneverande år.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen går vidare med utvikling av rådhuset som kulturhus, slik det er skissert i rapporten frå mulighetsstudien, ved å gjennomføre eit forprosjekt som grunnlag for sak til politisk handsaming.

Arbeidet med oppgradering av Prestegarden og Prestegardshagen vert gjennomført i tråd med budsjettloving i 2018.

Vedlegg:

Uttale om Radøy bibliotek i mulighetstudie for Manger

Uttale om Radøy bibliotek i mulighetstudie for Manger

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/19	18/71

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Regionrådet Nordhordland – protokoll møte 8. desember 2017
- b. Vidareføring av samordningsforsøk med statlege motsegner – Kommunaldepartementet
- c. Sambandet Vest – protokoll ekstraordinær generalforsamling 19. desember 2017
- d. Høyring – kravet til leveringspliktige posttenester – forslag til endring av postloven
- e. Prosjektmandat – vassleidning Austmarka-Storsandvik
- f. Prosjektmandat – Manger skule utbygging
- g. Orientering om brann og redning
- h. Orientering om sjukefråversprosjekt
- i. Orientering frå ordførar
- j. Orientering frå rådmann

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Protokoll Regionrådet 3-2017 8. desember

Statlege motsegner_Vidareføring av samordningsforsøket som fast ordning_KMD

Sambandet Vest - protokoll ekstraordinær generalforsamling 19_des_2017

Høyring om endringar for omdelingsfrekvens av post

høyringsnotat Posten - færre leveringsdagar

Prosjektmandat - VL Austmarka - Storsandvik 170118

Prosjektmandat Manger skule utbygging